



Ulvik herad

MÅLBRUKSPLAN FOR ULVIK HERAD

Innleiing.

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) oppmodar kommunane til å utarbeida kommunale målbruksplanar.

LNK trur at ein plan for målbruken i kommunen kan vera ein god reiskap til å skapa debatt om og haldningar til korleis vi brukar språket.

Historisk bakgrunn.

I 1906 gjorde Ulvik skulestyre formelt vedtak om at landsmål (nynorsk) skulle vera opplæringsmålet i alle skulekrinsane i Ulvik, både for skriftleg arbeid og i lærebøkene. Det er ikkje funne opplysningar om kva tid nynorsk formelt vart administrasjonspråk i Ulvik herad.

Målform.

Det offisielle styringsmålet i Ulvik herad er nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytta nynorsk skriftspråk i tenesta.

Språkpolitiske mål.

Skriftspråket som vert nytta i heradet, må vera så godt og variert som mogeleg. Heradet ynskjer eit enkelt, klart og brukarvennleg språk.

Dialekten(målføret) er ein viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Heradet ser det difor som ei sentral oppgåve å verna om dialekten gjennom levande bruk og medveten utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert idag lagt i barnehagen og skulen. Det er difor viktig at heradet har språkmedvetne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt må nyttast jamnleg i songar, opplesing. leikar o.a.

Skuleadministrasjonen og rektorane har eit særleg ansvar for å gjera dei tilsette kjende med § 40 i Lov om Grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. På liknande vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

Tiltak.

Opplæring.

Heradet tek sikte på å gje alle heradstilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For sakshandsamarar er slike kurs obligatoriske. Tilsette i skulen og barnehagen skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialekt og lokal kultur.

I utlysingar av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

Hjelpemiddel.

På kvar etat/avdeling i heradet skal det vera nynorsk ordliste og fornorskingsordbok/programvare av nyare dato. Dei einskilde fagetatane skal gjera seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.

Nynorskmateriell.

Heradet skal syta for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som vert nytta i heradet, er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skulen og barnehagen, skal vera på nynorsk så langt råd er.

Tilsette skal følgja med på at departement og andre statsorgan tek omsyn til dei språklege rettane heradet har, og følgjer reglane i Mållova om bruk av nynorsk.

Stadnamn.

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggja på lokal namnetradisjon. Lov om Stadnamn gjev reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

Ulvik herad er medlem av Landssamanslutninga av Nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

Bibliotektenesta:

Bibliotektenesta er sentral i kulturformål. Denne tenesta skal særskilt gjera innsats for å skaffa nynorsk litteratur innanfor både fag- og skjønnlitteratur. Både skule- og folkebiblioteket må samarbeida om denne oppgåva.

Skulen:

På ungdomssteget skal alle elevane får orientering om språklege rettar under utdanning., og dei rettane dei som einskildmenneske har etter mållova.



Ulvik herad

***RETNINGSLINER FOR SKRIFTSPRÅKET
I ULVIK HERAD***

- **Ordleggingsmåten** er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Særleg viktig er det at vi nyttar aktiv og ikkje passiv setningsbygning, og at vi har ei ordrekkefylgje som i vanleg talemål.
- **Ordrekkefylgja** bør vera mest mogeleg som i vanleg talemål. Eigeformene min, din, sin, vår bør til vanleg koma etter substantivet.
- Vi bør også bruka **dobbel bunden form**.
- Unngå for mykje **substantivbruk**. På nynorsk er det ofte betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål er substantiv. Substantiv som byrjar på an- og be- eller sluttar på -heit og -else, bør vi vurdere kritisk.
- Heradet skal i hovudsak nytta ei **konsekvent språkline**, og vi bør i utgangspunktet halda oss innanfor læreboknormalen. Der det finst valfrie former, bør vi velja den forma som ligg nærast talemålet. I heradet vil det sei at t.d. desse formene skal nyttast: *A-infinitiv, skule, fyrst og då*.